

Fridom og framsteg

Program for
Hordaland Venstre
for perioden 2011-2015

Venstre

– det liberale partiet i Hordaland

Venstre er det liberale partiet i Hordaland. Vår politikk kombinerer personleg fridom med ansvar for fellesskapet og kvarandre. Me har sterkt tru på menneske si skaparevne, kreativitet og ansvarskjensle. Me trur menneske som vert gitt fridom er best i stand til å ta ansvar for seg sjølv, sine medmenneske og livsgrunnlaget til våre etterkommarar.



Innhald

Venstre – Det liberale partiet i Hordaland	2
Kapittel 1: Fylkeskommunen – Meir makt til borgarane	4
Ein samla Vestlandsregion.....	4
Kapittel 2: Skule og opplæring – Fokus på elevane sine ynskjer, evner og behov.....	6
Vidaregåande skule.....	6
Fråfall i vidaregåande skule.....	8
Yrkesfag.....	8
Studieførebuande opplæring.....	9
Kapittel 3: Samferdsle og kollektivtrafikk – Betre buss og bane	10
Meir buss og bane.....	10
Vegbygging	13
Båt- og ferjetransport.....	15
Ny godshamn i Bergensområdet	15
Kapittel 4: Miljø og klima – Ein grøn kurs for eit moderne Hordaland	16
Klimautfordringar	16
Naturvern	18
Straumforsyning	19
Kapittel 5: Kultur og næring – Ein politikk for nyskaping og vekst.....	20
Nyskaping og vekst	20
Kultur	22
Idrett og friluftsliv	23
Villfisk og oppdrett	24
Kapittel 6: Helse og inkludering – Meir til dei som treng det mest	25
Tannhelse	25
Skulehelsetenesta	25
Inkludering	26
Venstre sine ti liberale prinsipp	28

Fylkeskommunen

– meir makt til borgarane

For Venstre kjem makt og mynde nedanfrå og opp; frå kvar einskild borgar til kommunane, fylkeskommunane og staten.

Størst mogleg grad av lokalt sjølvstyre er ein verdi i seg sjølv, men det er òg ein føresetnad for effektiv styring. Venstre ynskjer at fleire oppgåver og meir makt vert overført frå statleg til lokalt og regionalt nivå. For å få det til må kommunane og fylkeskommunane bli sterkeare.

Ein samla Vestlandsregion

Venstre vil:

- Ta initiativ til på sikt å opprette ein Vestlandsregion med andre grenser enn dagens fylkeskommunar
- At ein framtidig Vestlandsregion skal styrast av parlamentariske prinsipp
- Flytte oppgåver frå Fylkesmannen til fylkeskommunen
- Gje fylket ansvar for langt fleire oppgåver enn i dag

Staten har skusla bort det høvet ein hadde til å gje regionane auka sjølvstyre. Venstre vil ta initiativ til å opprette ein Vestlandsregion med andre grenser enn

fylkeskommunane har i dag. Det føreset at meir makt og mynde vert overført frå staten til desse regionane. Til dømes: Mange av Fylkesmannen sine oppgåver, ansvaret for lokale jernbaneruter, den offentlege kultur- og næringspolitikken, og ein større del av ansvaret for samferdsela. Fylkesmannsoppgåver som ikkje omfattar ansvar for tilsyn kan òg overførast til den noverande fylkeskommunen.


Det er også naudsynt med større grad av fritt skatteøyre. Venstre meiner at auka regionalt ansvar gjer det naudsynt med auka politisk ansvar, og vi vil at ein framtidig Vestlandsregion skal styrast etter parlamentariske prinsipp. Venstre ynskjer å styrke framtidige regionar (som t.d. Vestlandet) ved å auke det kommunale skatteøyret som gjeld inntektskatten, for å gjere regionane betre rusta til å takla dei økonomiske utfordringane dei står overfor. Dette gjer

ein ved å minka den statlege fellesskatten tilsvarande.

Fylkeskommunane må sjølve prioritera tiltak som tek sikte på å auke borgarane si interesse for den verksemda fylkeskommunen driv. Venstre vil at Hordaland fylkeskommune skal oppfatta seg sjølv som eit serviceorgan for innbyggjarane. Difor må det arbeidast ut serviceerklæringer innanfor alle fylkeskommunale tenesteområde. Venstre meiner fylkeskommunen skal halde prinsippet om offentleggjering i forvaltninga høgt, slik at dokument berre vert unntake innsyn når det er heilt naudsynt.

Venstre vil også ha ein eigen plakat om offentleggjering som skal gjerast kjent for alle tilsette. Alle møte i folkevalte organ skal vere opne, med mindre det er særskilde grunnar til å lukka dører. Venstre vil slå fast at offentleg tilsette har ytringsfridom og skal ha lov til å delta i den offentlege debatten. Venstre vil arbeida for at alle rutinar i fylkeskommunen vert gått igjennom med sikte på ei god og open forvaltning. Tilsette som melder frå om uheldige eller lovstridige tilhøve i eiga verksemd skal få honnør for dette, og vernast mot både direkte og indirekte sanksjonar. Venstre vil syta for at personvernet skal vege tungt i alle sa-

manhengar. Til dømes må det vere mogleg å kjøpe periodekort utan at reisene skal registrerast på den enkelte.



Skule og opplæring

– fokus på elevane sine ynskje, evner og behov

Kjernen i den liberale ideologien er fridom frå undertrykking og fridom til personleg utvikling. Kjelda til den positive fridomen finn ein i utdanninga – det er gjennom skulen at samfunnet gjer dei komande generasjonane i stand til å ta ansvar for sine eigne liv, for sine medmenneske og for verda ikring dei.

Venstre vil ha ein skule der den einskilde eleven får oppfylt sine ynskje, utvikla sine evner og dekkja sine behov.

Vidaregåande skule

Venstre vil:

- Innføre lokaliseringspoeng i ordninga med fritt skuleval
- Redusere fråfallet i skulen
- Leggje til rette for fleire friskular i Hordaland
- Gje lærarane reell makt over val av undervisningsmateriell
- Gje skulen høve til å omdisponere meir av timetalet etter behov
- Opprette skulestyre på alle dei vidaregåande skulane i Hordaland
- Gje lærarane meir tid til undervisning

- Setje i gang eit prøveprosjekt med kompetanseår for lærarar i Hordaland

Venstre meiner nykelen til ein god skule er fridom, mangfold, læring og motivasjon. Politikarane si rolle er å setje skulane og lærarane i stand til å gjere jobben sin på ein best mogleg måte. Me legg difor til grunn at størst mogleg fridom innanfor eit heilskapleg råmeverk gjennom lovverk og læreplanar er løysinga på utfordringane den vidaregåande skulen står overfor – fridom for elevane, fridom for lærarane, og fridom for skulane.

Venstre vil gjennomføre dette i praksis ved å auke handlefridomen i skulen. Ordninga med fritt skuleval for elevane

må halde fram, samstundes som elevar må få sjanse til å gå på den nærmeste skulen gjennom ei ordning med lokaliseringspoeng. Slik sikrar me både valfridom for den einskilde, og ei god geografisk spreieing av skular i fylket. Friskular er eit tilbod for dei få, så lenge det ikkje er mange nok av dei å velje mellom, og Venstre er positiv til at det vert etablert friskular i Hordaland. Om skular ynskjer prøveprosjekt med toppklassar, må dei få høve til det.

Lærarane må få reell pedagogisk fridom over undervisninga, og det gjeld også val av undervisningsmateriell. Det skal ikkje vere slik at pedagogar vert tvungne til å velja digitale læremiddel fordi dei er billigare. Lærarane skal ha høve til å velje mellom den kombinasjonen av tilgjengelege læremiddel som dei finn pedagogisk forsvarleg, og alle læremiddel skal ligge føre på nynorsk og bokmål til same tid. Vidare vil Venstre seie nei til timeteljing i samband med arbeidstidsavtalen i vidaregåande skule. Venstre vil



øg auke handlingsfridomen til den ein-skilde skulen ved å heve grensa for kor mange undervisningstimar skulen sjølv kan omdisponera – både på individnivå og for heile klassar.

Innanfor det råmeverket dei er gitt skal skulane vere sjølvstyrte. Venstre verdset openheit om utfordringar i skulen, og vil gje meir ansvar til den ein-skilde skule. Det bør opprettast skulestyre ved kvar skule, der lærarar, elevar og foreldre er representerte. Skulestyret har den overordna økonomiske avgjerda for skulen, medan rektor tilset lærarane.

Den aller viktigaste ressursen i skulen er lærarane. Venstre vil ha eit prøveprosjekt med kompetanseår for lærarar i Hordaland. Venstre vil setje strengare krav til rådgjevarane sin kompetanse ved at rådgjevarane skal ha ei heilskapleg forståing for samanhengen mellom elevane sine føresetnader, skulane sine tilbod og kva næringslivet treng.

Fråfall i vidaregåande skule

Venstre vil:

- Hindre fråfall frå vidaregåande skule

Fråfall i den vidaregåande skulen er ei stor samfunnsutfordring. Allereie på ungdomsskulenivå kan effektive tiltak

setjast i gong for å hindre fråfall i den vidaregåande skulen. Samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane er naudsynt for å hindre fråfallet. Informasjonsutvekslinga må betrast samtidig som personvernet til elevane vert tatt vare på. Venstre vil hindre fråfall frå vidaregåande skule gjennom å betre kommunikasjonen mellom ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane, samt ved å tilby leksehjelp/ekstraundervisning til dei som treng det.

Yrkesfag

Venstre vil:

- At Hordaland skal bli forsøksfylke for at elevar skal kunne velje mindre teori i yrkesfaga
- Styrke samarbeidet med det lokale næringslivet om arbeidstrening og elevverksemder
- Legge til rette for alternative vegar til fagbrev
- Sikre at alle lærlingar får lærepllass
- Ha oppfølging og god kontakt mellom skulen og lærlingane
- Styrke og utvide ordninga med lærerkandidatar
- Gjere det enklare å starte direkte i lære etter grunnskole, kombinert med faglig oppfølging

Dei yrkesfaglege studieretningane i den

vidaregåande skulen er det viktigaste satsingsområdet for Venstre i denne perioden. Yrkesfag representerer ei av dei viktigaste kjeldene til næringsutvikling og nyskaping på Vestlandet, samstundes som utfordringar knytte til fråfall er størst i denne delen av opplæringa. Venstre vil gjenreise eigenverd og sjølvkjensle i den delen av den vidaregåande skulen som for ofte har stått i skuggen av den studieførebuande opplæringa. Me vil tenkje nytt og ta yrkesfaga på alvor. Venstre ynskjer også å styrke rekrutteringa til grøn utdanning på alle nivå, med tanke på berekraftig forvalting og bruk av natur- og miljøressursane.

Det største problemet med dei yrkesfaglege utdanningane er eit for stort fokus på teori. Venstre vil gje dei yrkesfaglege retningane høve til å tilby praktisk eller teoretisk norsk, engelsk, samfunnsfag osb., slik ein kan velja til dømes mellom praktisk og teoretisk matematikk. Hordaland skal bli forsøksfylke for meir yrkesretta teori i yrkesfaga som er direkte knytt til den praktiske opplæringa. Det er ein føremålstenleg måte å redusere teorinivået i yrkesfaga på. Vidare vil me auke fokuset på arbeidstrenings og nytablering ved å styrke samarbeidet med det lokale næringslivet og satse vidare på elevverksemder og gründerkurs.

Elevar på yrkesfag må verte tilbydde ei meir fleksibel læretid, både med omsyn til korleis læretida vert lagt opp, og når ho finn stad. Det må sikrast at alle elevar får læringsplass, og oppfølginga må bli betre.

Studieførebuande opplæring

Venstre vil:

- Styrke samarbeidet mellom skulane og dei høgare utdanningsinstitusjonane
- Auke fokuset på entreprenørskap og nytablering i skulen
- Betre studierådgjevinga

Den studieførebuande opplæringa i Hordaland kan styrkast ved å auke samarbeidet med dei høgare utdanningsinstitusjonane i fylket. Venstre vil gjere det enklare for skulane å gjere bruk av kompetanse frå universitetet og høgskular, til dømes gjennom å gje skuleelevar høve til å følgje undervisning på høgare nivå. Studierådgjevinga må bli betre, og ha meir kontakt med utdanningsinstitusjonane og næringslivet. I tillegg er det viktig med eit større fokus på entreprenørskap og nytablering, og med det å sikre at elevane er medvitne kring korleis dei skal omsetje kunnskap til praktisk nytte og eiga utvikling.

Samferdsle og kollektivtrafikk

– betre buss og bane

Eit godt utbygd kollektivsystem og ein føremålstenleg infrastruktur er dei to viktigaste miljøpolitiske og næringspolitiske tiltaka fylkeskommunen kan koma med.

Venstre tenkjer miljø og næring i samferdslepolitikken. Gode løysingar for offentleg transport er ein føresetnad for ei sunn næringsutvikling, spesielt i Bergensregionen, medan eit effektivt vegnett og gode ferjesamband er naudsynte for å sikra vekst i distrikta. Venstre vil planleggje alle nye større samferdsleprosjekt i ein større samanheng for regionane. Me vil tenkje miljø og næring i samferdslepolitikken. Der det veks fram nye bustad- og næringsområde vil Venstre jobbe etter prinsippet «bygg infrastrukturen først».

Meir buss og bane

Venstre vil:

- Byggje ut Bybanen i Bergen til alle bydelar og på sikt til sentrale omegnskommunar


- Innføre køprising i Bergen, til dømes gjennom rushtidsdifferensierte bompengar
- Lage fleire einskapstakstsonar i Hordaland
- Fjerne aldersgrensa på Studentperiodedekort
- Effektivisere av- og påstiging på busse i Hordaland
- Inkludere nattbuss i dei ulike månadskorta
- Byggje ut kapasiteten på «park and ride»-anlegg i heile fylket, og byggje fleire slike
- Gjere det mogleg å nytte parkeringskort på bussen
- Vere pådrivar for opprusting av Bergensbana og planlegging av lyntognett
- Konkurranseutsetje togtilbodet på

strekninga Bergen - Trengereid

- Innføre SMS-klagesystem for SKYSS
- Byggje ut trolleybussnettet i Bergen
- Erstatte lite brukte bussruter med minibuss eller drosje
- Leggje større vekt på miljø og kvalitet i anbodskriteria
- At all offentleg transport skal vere universelt utforma
- Sikre at prosjektet «Spontan samkøyring» vert ein suksess
- Sikre langsigktige, varsla rutetider
- Gjere billetteringssystemet meir effektivt
- Gjere det mogleg å nytte SKYSS-kort på togstrekninga Bergen sentrum - Trengereid
- Prioritere kollektivtrafikk i trafikkbi-

- letet gjennom å etablere kollektiv- og sambruksfelt, og sikre prioritet i lyskryss
- Innføre ei gunstig kvantumsordning på SKYSS-kort for verksemder
- Gje ansvaret for kollektivtrafikken i Bergen tilbake til Bergen kommune

Bybanen må utviklast til å bli hjørnesteinen i kollektivsystemet i Bergensregionen. Venstre har som overordna mål at veksten i persontransportbehovet i sentrale strøk skal komme innan kollektive tilbod. Banen må byggjast ut til alle bydelane – først til Flesland innan 2014, så til Åsane innan 2018 – og til sentrale delar av omegnsskommunane, som til dømes Osøyo, Knarvik og Straume. Eit



skikkeleg bybanenett vil leggje grunnlaget for godt nøgde kollektivbrukarar i mange tiår framover.

I den nære framtida er det likevel bussen som held fram som arbeidshesten i kollektivtransporten, og Venstre vil effektivisere av- og påstiging på bussane i Hordaland, gjere billetteringssystemet betre, byggje ut trolleybussnettet i Bergen, fjerne aldersgrensa på studentperiodekort, sikra at all offentleg transport vert universelt utforma, og inkludere nattbuss i alle typar månadskort – for å betre tilgjenge til, komfort på og effektivitet i det heilskaplege busstilbodet i fylket. Fleire ruter må køyre non-stop mellom dei store kollektivknutpunkta og nytte motorvegar og ringvegtunnelar. I meir sentrale område må ein prioritere å etablere eigne kollektivfelt.

Venstre ynskjer at reisande skal ha færast mogleg overgangar og at rutetrafikk må ha gode ordningar med korrespondanse der det er naudsynt. Det må òg gjelde for gjennomgangstrafikk som ikkje blir styrt av SKYSS. SKYSS må gå i dialog med aktuelle selskap om å få til eit meir heilskapleg tilbod. Går det berre ein buss i døgeret er det endå viktigare at denne korresponderer med vidare transport. Venstre vil la overgangstida

på ein billett gjelde to timer uansett reisestrekning.

Venstre vil innføre ein meir miljøvenleg prispolitikk, slik at ein kan få einskaps-takstsonar kring Stord, Voss, Norheimsund og Odda slik ein i dag har i Bergen. For Venstre er det også viktig at fylkeskommunen vert betre på anbod, slik at ein unngår slike problem som ein har sett tidlegare. Anbodskriterier må bli klårare og leggje meir vekt på miljø, komfort og kvalitet. Oppstår det likevel problem er det viktig at brukarane har høve til å melde frå på ein enkel måte. Venstre vil difor innføre eit SMS-klagesystem for SKYSS, slik at dei betre kan kartleggje kvaliteten på anboda. Me vil også vurdere å erstatte ytterkantbuss som har liten pågang, med minibuss eller drosje der det både vert betre for brukarane og meir kostnadseffektivt.

Av omsyn til mellom anna turistnæringa vil Venstre arbeide for langsiktige, varsla rutetider. For å redusere trafikkpresset på bynære område, vil Venstre byggje ut kapasiteten til «park and ride»-anlegg i heile fylket, og byggje fleire slike. Me ynskjer òg å samarbeide med Bergen kommune om trafikkreduserande tiltak, slik som til dømes tidsdifferensierte bompengar, slik at Bergensregionen kan

få statlege midlar til ei vidare utbygging av kollektivtilbodet. Prosjektet «Spontan samkøyring» må vidareutviklast.

Fylkeskommunen kan vere ein viktig aktør for opprusting av jernbanenettet på Vestlandet. Venstre vil vere ein pådrivar for opprusting av Bergensbana i tråd med initiativet «Bergensbanen 4-20-20», og vil samstundes legge press på nasjonale styresmakter for å utarbeide ein plan for eit lyntognett mellom dei store byane langs kysten i Noreg.

Vegbygging

Venstre vil:

- Bygge planfritt kryss på Danmarks-plass
- Prioritere ferjefri og trafikksikker kyststamveg
- Sikre gjennomføringa av Nasjonal transportplan i Hordaland
- Sikre eit godt vegsamband austover
- Få etablert ei moderne, intermodal hamn i Bergensområdet
- Arbeide for rassikring, tryggleik og auka standard på fylkesvegane
- Lage ein plan for veglys langs fylkeskommunale skulevegar
- Bygge ut gang- og sykkelvegar i Hordaland
- Sikre kortare reisetid til Bergen og andre regionsentra

- Styrke ein indre stamveg på Vestlandet: Riksveg 13
- Prioritere gode ringvegsystem framføre fleire innfartsårer til Bergen sentrum
- Bygge nytt Sotrasamband i sør, med kollektivfelt i nord


For Venstre er ferjefri kyststamveg prioritet nummer ein når det kjem til vegbygging i Hordaland. Ein effektiv kyststamveg er det viktigaste og mest omfattande næringspolitiske verkemiddelet for kommunane langs kysten. På andre vegstrekningar vil Venstre arbeide for rassikring, tryggleikstiltak og auka standard. Det er naudsynt å arbeida for eit godt samband austover som kan sikre god kommunikasjon og unngå vinterstenging så langt råd er. Fylkesvegane i Hordaland må bli sikrare og det må leggjast betre til rette for syklistar og fotgjengarar, mellom anna med betre lystilhøve. Fylkeskommunen må engasjere seg meir i haldningsskapande arbeid opp mot vognførarar. Venstre vil få lagt ein plan for lys langs skulevegar på dei fylkeskommunale vegane. I tillegg ynskjer me å bygge ut gang- og sykkelvegnettet i fylket.

Venstre vil løyse trafikkutfordringane mellom Sotra og Bergen ved å bygge

nytt samband i sør mellom søre Sotra og Fana. I nord vil me satse på kollektivløysing («konsept J») med kollektivfelt og gang/sykkelvei på begge sider av den eksisterande bruа. Kombinert med bybane til Fyllingsdalen, Loddefjord og Straume vil dette løyse fleire trafikkproblem enn det planlagte Sotrasambandet med ny firefelts Sotrabru og tunnel under Loddefjord.

I samferdslepolitikken er det også viktig å sikre god tilkomst til regionssentra

i fylket. Kortare reisetid til sentra som Bergen, Straume, Leirvik, Knarvik, Odda, Norheimsund og Voss – vere seg med bil, båt, buss eller tog – er ei prioritert oppgåve. Vegar skal ha trygge og gode minimumskvalitetar, men det største potensialet ein har for å få ned ulykkesstatistikkane er å endre trafikkåtferd og haldninga. Difor må ein prioritere midlar til haldningsarbeid til eit breitt lag av trafikantar; ikkje berre skoleborn men også vaksne, syklistar, gåande og bilistar. Køyring i rus, manglande bruk av bil-



belte og altfor høg fart etter forholda er framleis dei tre største ulykkesårsakane. Venstre ynskjer eit omfattande førebyggjande arbeid.

Båt- og ferjetransport

Venstre vil:

- Legge båtrutene under SKYSS
- Støtte opp om miljøvenlege pilotprosjekt
- Stille betre krav i anbodsprosessane

Venstre vil ha eit godt ferjesamband i Hordaland. Eit effektivt ferjetilbod der det er naudsynt, er både god næringspolitikk og god miljøpolitikk. For å effektivisere samferdslesystemet i fylket vil Venstre legge båtrutene under SKYSS. Me ynskjer å gå vidare med tiltak for å redusera utsleppa frå den sjøgåande transporten i fylket, og vil auke støtta til pilotprosjekt som til dømes elektrifisering av ferjemateriell. I krava til driftsselskapene må det leggjast større vekt på universell utforming av ferjene, ha auka krav til miljø og det må oppretta fleire nattavgangar der det er naudsynt.

Me vil nytte sjøvegen i mykje større grad enn i dag for å frakte passasjerar. Eit effektivt transportsystem på sjø vil redusere biltrafikken. Difor vil Venstre få på plass lokale «båtbussar» ved byane

og dei folkerike, sjønære knutepunkta i fylket. Båtbuss skal fungere som vanlege bussar som går ofte, spesielt ved arbeidsreiser, kor ein nyttar same billett/kort og med korresponderande busser på land. Døme på slike strekningar kor det er behov for båtbussar kan vere Knarvik – Bergen og Klokkarvik – Hjellestad.

Ny godshamn i Bergensområdet

Venstre vil:

- At det skal byggjast ei ny og miljøvenleg godshamn i Bergensområdet

Venstre har som overordna mål at meir gods må over på bane og sjø. Ei av dei største transportutfordringar i åra framover er å sikre ei ny og effektiv hamn i Bergensområdet som gir høve for tilkomst med både landgåande, sjøgåande og skinnegåande transport. Ei ny godshamn for heile Bergensregionen må byggjast ut så snart som mogleg for at regionen skal kunne hevde seg internasjonalt. For Venstre er det avgjerande at det vert teke lokale og globale miljøomsyn i plasseringa av ei ny godshamn. Det viktigaste kriteriet for ei framtidssikr Hamn er samlokalisering med ein godsterminal. Me vil òg vektlegge høve til godstransport på jernbane.

Miljø og klima

– ein grøn kurs for eit moderne Hordaland

Venstre meiner Noreg må nytte seg av dei gode sjansane me har til å bli verdsleiande på miljøteknologi og grøne arbeidsplassar. I ein liberal stat har den einskilde ikkje berre ansvar for seg sjølv, men òg for sine medmenneske og for komande generasjonar.

Venstre vil sikre like moglegeheter for alle, også borna våre. Det inneber at politikarane må ta forvaltaransvaret på alvor, og overlevere jorda til framtidige generasjonar i minst like god stand som då me fekk ho frå våre foreldre. Klimaendringane – med kraftig reduksjon i biologisk mangfald, store øydeleggingar i fattige land, og omfattande ukjende konsekvensar – er det største trugsmålet mot det moderne samfunnet.

Klimautfordringane

Venstre vil:

- Gjennomføre Hordaland sin klimaplan for 2010 – 2020
- Redusere utsleppa av klimagassar i Hordaland med 22 % innan 2020
- Redusere energibruken i byggmassen

i Hordaland med 20 % innan 2020

- Gjennomføre ein overgang frå fossilt brensel til fornybar energi
- Nutte brenselcelleteknologi og hydrogen der det er høve til det
- Elektrifisere bilparken
- Prioritere biogass frå avfall framfor biodrivstoff laga av mat

Det viktigaste tiltaket for å møte klimautfordringane i Hordaland er å følje opp og gjennomføre fylkeskommunen sin ambisiøse klimaplan fra 2010. Venstre vil sikre at klimaplanen vert gjennomført som planlagt fram mot 2020 gjennom å halde politikarane til ansvar for lovndane i dei årlege handlingsplanane. Dei tre store kjeldene til klimagassutslepp er transportsektoren, industrien, og

bygningar. I Hordaland står bygningar åleine for halvparten av energiforbruket. Venstre vil kjempe for at energieffektivisering av fylkeskommunale bygg skal redusere straumforbruket i desse med minst 12 % innan 2020. Den samla byggmassen i Hordaland har eit endå større potensiale for energieffektivisering, og Venstre vil ved hjelp av tiltaka frå klimaplanen redusere energiforbruket med 20 % fram mot 2020. Det viktigaste arbeidet her må gjerast i kommunane.

Det er også i kommunane dei største heilskaplege tiltaka kan gjennomførast.

Venstre ynskjer at alle kommunane i Hordaland skal bli klimanøytrale; at alle kommunale og fylkeskommunale innkjøp skal vere miljømerka; at kommunale og fylkeskommunale verksemder vert miljøsertifiserte og at alle nye kommunale og fylkeskommunale bygg vert bygde som lågutsleppshus. Slik sikrar me ikkje berre at Hordaland reduserer klimagassutsleppa sine i høve til våre forpliktingar, men me sikrar også at fylket tek steget over i ein konkurransedyktig, framtidsretta grøn økonomi.

Overgangen til produksjon og bruk av



meir fornybar energi gjer det både naudsynt og på sin plass å elektrifisere den offentlege bilparken. Nye bilar eigde av fylkeskommunen bør nytte elektrisitet eller biogass som drivstoff. Det må også leggjast godt til rette for at privatpersonar kan nytte elbil, også i distrikta. For også å sikre god produksjon av meir fornybar energi vil Venstre ta initiativ til å utarbeida ein fylkesdelplan for vindkraft, med fokus på offshore vindkraft der ein i stor grad må ta omsyn til naturvern på land.

Naturvern

Venstre vil:

- Gjere Hordaland best i landet på økologisk landbruk
- Ha ei meir berekraftig oppdrettsnæring
- Ta i bruk meir av grovfôrressursane i inn- og utmark
- Styre utbygginga av småkraftverk i samsvar med vedtatt plan og leggje vekt også på landskapsvern, friluftsliv og biologisk mangfald

Midt i alt fokuset på klimautfordringane er det viktig å ikkje gløyme det klassiske naturvernet. Det er trass alt nettopp naturen ein tek mål av seg å verna med ein ambisiøs miljøpolitikk. Venstre vil ta vare på det biologiske mangfaldet i Hor-

daland – av omsyn til dei som bur her i dag, med tanke på framtidige generasjonar av hordalendingar og av omsyn til naturen sjølv. Naturen sitt eige verd må ikkje undervurderast. Venstre ynskjer å få på plass ein plan for rovdyrforvaltniinga i fylket.

Venstre meiner oppdrettsnæringa må moderniserast slik at ho vert meir berekraftig og samstundes opprettheld sin posisjon som ein viktig og konkurransedyktig del av næringslivet i Hordaland. Det må stillast strengare krav til reduksjon av lakselus og rømming av fisk, og satsast meir på forsking og utvikling i oppdrettsnæringa. Slik sikrar ein både levekåra for villaksen og sjøauren, og for dei som er sysselsette i næringa.

Landbruket i Hordaland må ta sin del av ansvaret for ei berekraftig utvikling. Venstre ynskjer å oppmuntre i aukande grad til økologisk jordbruk, og til utsleppsreduksjon i jordbrukssektoren. Landbruket utgjer ein viktig del av løysinga på klima- og energisida, og det er bruk for ei teknologiutvikling som fremjar rein energi og binding av klimagassar. Gardsstrukturen på Vestlandet er slik at det er naudsynt med nytenking og nye idear for at landbruket skal overleve som ei dynamisk næring. Venstre vil leggje til

rette for meir nisjeproduksjon og ein breiare og meir variert landbrukssektor som legg større vekt på kultur, kulturlandskap, turisme og opplevelingar knytte til god mat og drikke.

Venstre bør ha som mål at Noreg skal ha eit sterkt fokus på dyrevelferd. Det bør stillast krav til menneske som har dyr i si varetekts, om at dei har kunnskap om dyra sine åtferdsbehov og krav til ernæring, sosialt og fysisk miljø. Dyr skal haldast i miljø som gir god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal vere ein føresetnad for alle typar avl. Dyr har ein eigenverdi, og handtering av dyr skal skje med omsorg og respekt for dyra sin eigenart.

Straumforsyning

Venstre vil:

- Modernisere straumnettpolitikken i Noreg
- Unngå høgspentliner i luftspenn der det kjem i konflikt med særlig viktige naturvernomsyn
- Vri prissetjinga i kraftmarknaden frå nettleige til forbruk
- Styrke høve til å byggje småkraftverk der det ikkje kjem i konflikt med naturvernomsyn
- Syta for at lina Kolsnes-Mongstad vert lagt i kabel

Hordaland er eit av dei viktigaste kraftfylka i Noreg. Auka bruk av fornybar energi og miljøvenlege løysingar krev auka utbygging av infrastrukturen for kraft. For mellom anna å leggje til rette for fornybar energi vil Venstre ha ein strategi for å ta vare på forsyningstryggleiken. Ein slik plan må òg inkludere utfordringane for produsentar av fornybar energi og sektoren sine kunnskapsbehov. Venstre ser at det kan oppstå motsetnad mellom klassisk naturvern og kampen mot klimaendringane.

Me ynskjer nye, framtidssretta retningslinjer for infrastrukturen for kraft i Noreg. Dei må ta omsyn både til lokalsamfunna sine ynskjer og storsamfunnet sine behov. Høgspentliner i luftspenn der det kjem i skarp konflikt med naturvernomsyn eller næringsinteresser er ikkje gode løysingar. For å auke delen av fornybar energi som kan nyttast i eit moderne straumnett vil Venstre stimulere til etablering av småkraftverk der dette ikkje kjem i konflikt med naturvernomsyn. Vidare er det viktig å legge til rette for straumparing og forbrucksreduksjon, og Venstre ynskjer at Hordaland fylkeskommune skal arbeide for at prissetjinga i kraftmarknaden vert vridd frå nettleige til forbruk.

Kultur og næring

– ein politikk for nyskaping og vekst

Eit nyskapande, konkurransedyktig næringsliv er føresetnaden for dei fleste andre mål i politikken. Brorparten av verdiskapinga i Noreg skjer på Vestlandet – mykje av dette skjer i Hordaland.

Venstre vil leggje til rette for eit nyskapande næringsliv som kan fremje vekst og velferd i heile regionen. I Noreg generelt, men i Hordaland spesielt, er kulturen ein umisseleg del av det lokale næringslivet. Kultur- og reiselivsnæringa står for ein stor del av verdiskapinga, og eit rikt kulturliv, ein stolt kulturarv og eit mangfald av uttrykk gjer Hordaland til ein dynamisk region med gode tilhøve for vekst og utvikling.

- Støtte regionalt næringssamarbeid
- Ha større fokus på kulturleiring og økonomi
- Arbeide for at heile musikklivet har tilgang til gode og passande lokale til øving og konserter
- At Hordaland skal vere eit godt verhfylke for internasjonale delegasjoner
- Sjå på areal som blå-grøne områder, som tyder at sjø og vann må takast med i forvaltning og regulering av areal

Nyskaping og vekst

Venstre vil:

- Føre ein næringsvenleg politikk
- Gjere det enklare å etablere nye verksamheter i Hordaland
- Støtte opp under næringshagar og nyskapingsinkubatorar
- Sjå den heilskaplege politikken i samband med næringsutviklinga

Venstre vil at Hordaland skal bli leiande på næring og nyskaping i Noreg. For at me skal nå eit slikt mål er det avgjerande at fylkeskommunen legg til rette for gründerskap og utvikling i det private næringslivet i regionen. Venstre skal gjere sitt for å halde fram arbeidet med å gjere Bergensregionen til eit interna-

sjonalt kraftsenter for marin kompetanse. Ein god næringspolitikk er avhengig av ein god samferdslepolitikk, ein god skulepolitikk og ein god politikk for kunnskapsutvikling, forsking og nyetablering. For å få dette til må fylkeskommunen ha eit godt samarbeid med dei høgare utdannings- og forskingsinstitusjonane i fylket. Venstre vil strekke seg langt for å imøtekome dei strategiske ynska som mellom anna Universitets- og høgskulenettet og Business Region Bergen skisserer.

Regionen treng kunnskapsbasert arbeidskraft, og dette må òg reflekterast i utdannings- og opplæringstilbodet i den

vidaregåande skulen.

Ein næringsvenleg offentleg sektor er svært viktig, og det må speglast i fylket sin arealpolitikk. Så sant næringslivet sine behov ikkje kjem i direkte konflikt med omsynet til natur og biologisk mangfald, bør styresmaktene imøtekomme verksemndene sine behov.

Venstre vil støtte opp om regionalt næringssamarbeid som til dømes Business Region Bergen og vere lyttande til deira behov. Me vil bidra til å vidareutvikle dei næringsklyngene som allereie finst i regionen, og støtte opp under regionale møteplassar for nyetablerarar og små



verksemder. Næringshagar og nyskapsingsinkubatorar i regionen må få den hjelpe fylkeskommunen kan gje dei. Fylkeskommunen har òg eit ansvar for å synleggjere næringslivet i Hordaland overfor nasjonale og internasjonale aktørar og for å vere eit godt vertsfylke for til dømes internasjonale delegasjonar.

Noreg er verdsleiande innan marine næringar og er verdas nest største eksportør av sjømat. Venstre vil at Hordaland skal verte leiande på sentrale område som maritime og marine næringar, miljø- og berekraftig forvaltning av naturressursar, kultur- og naturbasert turisme og fornybar energi. I skjeringspunktet mellom næring og miljø er det eit stort potensiale, og Venstre vil fokusere spesielt på kunnskaps- og næringsklynger knytte til berekraftig forvaltning av naturressursar. Nyare næringar er òg viktige, mellom anna kulturmæringa. Venstre tenkjer langsiktig og skal syte for å vere budd på nye moglegheiter.

Kultur

Venstre vil:

- Ta utgangspunkt i kulturen sin eigenverdi
- Arbeide for at dei store kulturinstitusjonane får trygge vilkår
- Innføre ei stipendordning for kunst- og kulturarbeidarar i Hordaland
- Styrke kulturvernarbeidet
- Vidareutvikle den kulturelle skulesekkken
- Støtte opp under frivillig aktivitet innan kultur og idrett
- Arbeide for etablering av museumsverksemd i Nordhordland

Venstre byggjer kulturpolitikken på toleranse og mangfold, og tek utgangspunkt i den eigenverdi kulturen har for den ein-skilde og samfunnet. I ei tid med sterk internasjonalisering er det viktig å føra ein målmedviten kulturpolitikk, tufta på det me sjølve har skapt, men i fruktbart samspel med omverda. Kulturpolitikken må ha det norske språket, bokmål og nynorsk, som grunnleggjande plattform. På fylkestinget har kulturpolitikken ein dimensjon ut over det å ha ein verdi i seg sjølv – han legg grunnlaget for mykje nærings- og distriktsutvikling i Hordaland.

Venstre vil arbeide for ei langsiktig kultursatsing i samarbeid med kommunane og kunst- og kulturinstitusjonane. Hordaland er eit kulturelt tyngdepunkt i nasjonal samanheng, mykje på grunn av Bergen by. Bergen er ein ressurs i kulturbygginga langt ut over bygrensene, og det er difor viktig at fylkeskommunen

tek aktivt del i vidareutviklinga av kulturbreen Bergen. Vidare må fylkeskommunen prioritera regionale kulturhus/knutepunktssinstitusjonar i regionsentra, slik at ein kan bygge opp sterke regionale kultursentra også utanfor Bergen.

Kulturvern er ein viktig del av kulturpolitikken. Kulturvern er vern av fysiske spor frå fortida. Me ynskjer å stimulere bygningsvern, historieskriving og andre former for formidling gjennom arkiv- og museumsverksemd. Fortida gjev oss identitet som einskildpersonar og samfunn, og Venstre meiner det er viktig med vern av kulturminne og kulturmiljø i dei ulike delane av fylket. Mange av mellomalderkyrkjene i fylket treng restaurering. Venstre meiner det er eit statleg ansvar å sikra dette, og vil leggje press på nasjonale styresmakter.

Venstre ynskjer større fagtyngde innanfor kunst og kultur. Me ynskjer difor på sikt å innføre ei stipendordning for profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar. Kulturformidling til born og unge er eit satsingsområde for Venstre. Den kulturelle skulesekken er ei viktig satsing. Slik formidling av kulturopplevingar i samarbeid med lokale og regionale kunst- og kulturoperatørar bør utviklast vidare. Musea er viktige for å ta vare på

og formidle fortida og må difor styrkast. For å sikre uavhengige og godt finansierte kulturinstitusjonar også i framtida, må fylkeskommunen legge betre til rette for at institusjonane kan utvikle andre finansieringskjelder, som til dømes private bidrag.

Idrett og friluftsliv

Venstre vil:

- Sikre god tilgang til naturopplevingar, også for dei av oss med funksjonshemmingar
- Gjere det enklare å kombinere vidaregåande opplæring med ei satsing på idrett
- Sikre at det finst gode anlegg for eit mangfold av idrettar i heile fylket
- Fylkeskommunen må auka tilskota til fylkesidrettsanlegg og regionale kulturhus.

Hordalandsnaturen gjev gode høve til friluftsliv og naturopplevingar. Friluftsliv er ei god kjelde til kulturopplevingar, utvikling og trivsel – for alle. Venstre meiner difor det er viktig å leggja til rette slik at også menneske med funksjonshemningar lettare kan komme seg ut i naturen. Me vil støtte idretten mellom anna ved å satsa på gode anlegg for alle typar idrettar. Venstre meiner òg at ungdom må få høve til å kombinera vidaregående

opplæring med satsing på idrett. Det er viktig å sikre eit allsidig idrettstilbod til born og unge.

Villfisk og oppdrett

Venstre vil:

- Innføre nulltoleranse for PD-virus
- Nyte «føre var»-prinsippet for å ta vare på villfiskstammer
- Få på plass ei eiga marin veterinær-utdanning ved Universitetet i Bergen

Venstre meiner oppdrettsnæringa må moderniserast slik at ho vert meir berekraftig, og samstundes opprettheld sin posisjon som ein viktig og konkurranse-dyktig del av næringslivet i regionen. For å sikre ein miljøvenleg vekst vil Venstre i samarbeid med FoU og oppdrettsnæringa få på plass konkrete planar for dette

i neste periode. Venstre ynskjer radikale tiltak for å kjempe mot lakselus, og vil innføre nulltoleranse for PD-virus (*paranucleospora theridion*) i oppdrettsanlegg for heile regionen.

Me vil nytte eit «føre var»-prinsipp for å ta vare på viktige villfiskstammer av til dømes laks og aure og vil krevje tiltak for å stoppe smitte av farlege sjukdommar frå oppdrettsnæringa til villfiskstammer. Det må satsast meir på forsking og utvikling i oppdrettsnæringa. I samarbeid med det gode marine forskingsmiljøet i regionen vil Venstre bidra til mellom anna å få på plass ei marin veterinær-utdanning ved UiB. Slik sikrar ein både levekåra for villaksen, for sjøauren og for havbruksnæringa.



Helse og inkludering

– meir til dei som treng det mest

Ansvaret for offentleg tannhelse og for skulehelsetenesta ligg hjå fylkeskommunen.

Venstre meiner gode basishelsetenester legg mykje av grunnlaget for eit godt samfunn, i tillegg til at tidleg oppfølging kan førebyggje seinare lidingar som er svært ressurskrevjande for både den einskilde og for samfunnet. Tannhelsetenesta og skulehelsetenesta er slik ein del av grunnmuren i velferdstenestene i Noreg og må ikkje undervurderast. Det same er tilfelle for det integrerings- og inkluderingsarbeidet som vert gjort i fylkeskommunen; det er i dei mange små kvardagstiltaka at samfunnet lyfter seg og går framover.

Tannhelse

Venstre vil:

- Oppretthalde talet på tannklinikkar i Hordaland

Fylkeskommunen har ansvaret for den offentlege tannhelsa. Det inneber å syta for at tannhelsetilboden er tilgjengeleg for alle som bur og oppheld seg i Hordaland. Det offentlege tannhelsetilboden

byter gratis tenester til born under atten år; psykisk utviklingshemma; eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon eller heimesjukepleie; og rusavhengige. Venstre meiner at skal desse gruppene framleis få eit tilfredsstillande tannhelsetilbod må talet på tannklinikkar i Hordaland oppretthaldast. Eventuelle innsparinger på samlokalisering av tannhelsetilbod vert meir enn etne opp av auka transportbehov og personalbruk, då desse gruppene ofte har behov for hjelp eller følgje til tannlegen. Venstre vil arbeide for eit privat/offentlig samarbeid med privatpraktiserande tannlegar i distrikt der det er vanskar med å rekruttere tannlegar.

Skulehelsetenesta

Venstre vil:

- Styrke skulehelsetenesta i den vidaregåande skulen
- Leggje større vekt på psykiatri i skulehelsetenesta

Venstre vil prioritere ei satsing på ungdomspsykiatrien i Hordaland, spesielt i skulehelsetenesta. Elevar på vidaregåande skule er ofte i ein sårbar periode, og det største behovet for medisinsk hjelp i ungdomstida er ofte psykiatrisk. Ei styrka skulehelseteneste med særskild vekt på psykiatrien kan førebyggje psykiske lidningar i vaksen alder, samt redusere fråfallet i vidaregåande skule.


Inkludering

Venstre vil:

- Styrke samarbeidet med frivillige organisasjonar om fadderrordningar og integreringstiltak for flyktningar og

asylsøkjarar

- Sikre at fleirkulturelle og funksjonsnedsette sine erfaringar vert tekne med når kulturpolitikken vert utvikla
- Lyfte fram fleirkulturelle og funksjonsnedsette sine behov i dei næringsspolitiske samarbeidsorgana i fylket
- Utvikle tilpassa gründerprogram for fleirkulturelle
- Auke den fleirkulturelle kompetansen i offentleg forvaltning
- Gje ut ein årleg rapport om sysselsettingstilhøva og tenestetilbodet til fleirkulturelle og funksjonsnedsette i Hordaland fylkeskommune



- Syta for at også vallokala er universelt utforma snarast råd og seinast ved valet i 2015

Venstre meiner at eit fleirkulturelt samfunn er eit godt samfunn, og vil leggje til rette for ei god inkludering i praksis. Fylkeskommunen si rolle er noko avgrensa i integreringspolitikken, men oppgåvane må likevel utførast på ein god måte. Fylkeskommunen har eit overordna koordineringsansvar mellom kommunane i Hordaland, og det gjeld også på integreringsfeltet.

Venstre vil styrke samarbeidet med dei

frivillige organisasjonane om fadderordningar og liknande for flyktningar og asylsøkjarar. Me vil ta dei fleirkulturelle og dei funksjonsnedsette sine erfaringar med i kulturpolitikken, og inkludere dei betre i dei næringspolitiske samarbeidsorgana i fylket. Venstre ynskjer å utvikle eit tilpassa gründerprogram for fleirkulturelle, gjerne i samarbeid med nyskapningstiltak i Bergen. For å få eit betre oversyn over tilhøva for fleirkulturelle og funksjonsnedsette i fylket vil Venstre ta initiativ til at det vert utvikla ein årleg rapport om sysselsettingstilhøva og tenestetilbodet til dei gruppene i Hordaland fylkeskommune.



Venstre sine ti libe

1. Fridomen skal gjelda overalt, for alle

Målet for liberalismen er einskildmenesket sin fridom. Venstre vil gjera det lettare for den einskilde å ha råderett over sitt eige liv - for begge kjønn, på tvers av landegrenser, kulturell bakgrunn, livssyn og legning. Vi kviler først når fridomen gjeld alle stader, for alle.

2. Det personlege ansvaret er ufråvikeleg

Alle har ansvar for seg sjølv. For Venstre er dette like grunnleggjande som retten til fridom. Vi er sterke i trua på at dei som får høve til å ta ansvar, vil gripa sjansen, og at dei på det viset vil få auka eigenverd og fridom. Dei som ikkje er i stand til å ta ansvar for seg sjølv, skal få hjelp frå samfunnet til å leva eit verdig liv.

3. Alle har ansvar for kvarandre, for miljøet og for komande generasjonar

Alle har ansvar for kvarandre og for å sikra at komande generasjonar har same høve til å nytta fridomen sin som oss. Vi pliktar å hjelpa andre med å sikra føresetnadene for frie liv, m.a. ved å byggja sterke felles institusjonar, ved å kjempa mot fattigdom og ved å ta vare på naturen.

4. Fellesskap og rettferd er nødvendig for å sikra reell fridom

Rettferd, eigeverd og like sjansar for alle er kjenneteikn på ei fri verd. Frie samfunn har lokale, nasjonale og globale einskapsinstitusjonar, og eit godt sikringsnett for alle. Frie samfunn er rettferdige og opne – der alle med dei nødvendige evner og vilje til innsats, skal kunne nå einkvar posisjon i samfunnet.

5. Alle er like mykje verdt, men ingen er like

Liberalismen er raus. For Venstre er det ein verdi i seg sjølv at menneska er ulike og gjer ulike val. Respekten for at folk er ulike er inkluderande fordi det gjer folk nyfikne i møte med det ukjente, og toleranse for at det gode liv ikkje er likt for alle. Toleranse betyr respekt, ikkje likesæle eller at ein er feig.

6. Politikk skal fremja livskvalitet og menneskeleg vekst

Det liberale engasjementet for fridom går lengre enn å sikra alle materiell tryggleik og velstand. Alle stader vert det gode liv kjenneteikna av meir enn det materielle – av kultur og åndsliv, frivillig arbeid og læring. Liberal politikk skal sikra at dette vert reelt og mogeleg for alle i samfunnet.

ale prinsipp

7. Politisk makt skal komma nedanfrå

Politisk makt og styring skal forankrast i demokratiske institusjonar med røysterett for alle. Demokrati, ytringsfridom, organisasjonsfridom og trusfridom er grunnleggjande liberale rettar. Dei viktigaste avgjerdene som gjeld fellesskapet, skal takast av folkevalde organ.

8. Makt skal spreiaast og balanserast

Eit liberalt samfunnssystem har fire berebjelkar: Demokratiet, rettsstaten, det sivile samfunnet og marknadsøkonomien. Venstre er oppteken av å sikra at desse institusjonane er opne, uavhengige og i samspel. Ei slik spreining av makt, og opne avgjerdsprosessar, er ein føresetnad for å hindra autoritær politikk, maktmisbruk og korrupsjon.

9. Den liberale staten er upartisk, sterk og avgrensa

Den liberale staten må byggja sterke einskapsinstitusjonar for å sikra fridom og like sjansar for alle, utan å ta frå den einskilde ansvaret. Staten må vera nøytral i høve til livssyn. Den liberale statsmakta må respektera avgrensingar i eiga makt. Staten har eit særleg ansvar for å verna om mindretalaet sine rettar.

10. Liberalismen er optimistisk og alltid på veg

Det liberale samfunnet er alltid på veg og ope for betre løysingar, skapt gjennom krafta i dei gode argumenta og gjennom menneske som får brukt evnene sine. Venstre sin optimisme er bygd på sterk tillit til skaparkrafta i det einskilde mennesket og tru på at det i fellesskap er mogleg å leggja grunnlaget for frie liv, alle stader - for alle.

Våre kandidater i Hord

1. **Mona Haugland Hellesnes**

f. 1967,

Ulvik



2. **Alf Helge Greaker**

f. 1977, Bergen



3. **Anne-Beth Njærheim**

f. 1967, Bømlo



4. **Bjørnar Hamre**

f. 1984, Bergen



5. **Rolf Nesheim**

f. 1960, Lindås

aland

6. **Grete Line Simonsen**, f. 1967, Bergen
7. **Tore Magne Turøy**, f. 1951, Fjell
8. **Synnøve Handeland**, f. 1968, Kvinnherad
9. **Bjørn Magne Hufthammer**, f. 1982, Austevoll
10. **Synnøve Kvamme**, f. 1991, Granvin
11. **Torstein Hatlevik**, f. 1972, Tysnes
12. **Torstein Gunnarson**, f. 1938, Voss
13. **Marit Helen Leirheim**, f. 1958, Askøy
14. **Lars Ludvik Barstad**, f. 1955, Meland
15. **Sølvi Merete Mangerøy**, f. 1968, Radøy
16. **Sindre August Horn**, f. 1990, Bergen
17. **Lars Ragnvald Djupevåg**, f. 1968, Kvam
18. **Elizabeth Toft Erichsen**, f. 1984, Sund
19. **Tore Rykkel**, f. 1957, Os
20. **Maren Eimind Børslien**, f. 1991, Odda
21. **Tarik Hedi**, f. 1970, Bergen
22. **John-Kåre Krokene**, f. 1966, Austrheim
23. **Åsta Årøen**, f. 1971, Bergen
24. **Leif Tore Xe**, f. 1974, Vaksdal
25. **Kari Bente Stein Helland**, f. 1960, Fusa
26. **Trond Vindenes Wirkola**, f. 1958, Sveio
27. **Marie Melhagen**, f. 1964, Os
28. **Frode Hervik**, f. 1976, Radøy
29. **Marianne Lund Anderssen**, f. 1958, Kvinnherad
30. **Runar Bjørkvik Mæland**, f. 1988, Stord
31. **Birgitte Hjertaas**, f. 1964, Askøy
32. **Kåre Stokken**, f. 1959, Osterøy
33. **Leila Torsvik Andvik**, f. 1971, Masfjorden
34. **Trond Gullaksen**, f. 1962, Bergen
35. **Anne Marit Buer**, f. 1966, Odda
36. **Arild Raftevoll**, f. 1969, Askøy
37. **Sigrun Bjørøy**, f. 1987, Sund
38. **Per-Arne Larsen**, f. 1979, Bergen
39. **Sverre Kleivkås**, f. 1972, Ullensvang
40. **Ulvhild J. Tormodsdatter Eide**, f. 1992, Bergen
41. **Bjørg E. Taule Murberg**, f. 1954, Radøy
42. **Erlend Andreas Horn**, f. 1987, Bergen
43. **Resy Aak Toresen**, f. 1968, Kvinnherad
44. **Mathias Fischer**, f. 1993, Bergen
45. **Liv Ulvøy**, f. 1955, Austrheim
46. **Albert Inge Rafdal**, f. 1969, Etne
47. **Anne Berge Brattetaule**, f. 1971, Radøy
48. **Geir Angeltveit**, f. 1988, Stord
49. **Tural Asgharzadeh Alamdari**, f. 1991, Bergen
50. **Brit Tønnessen Fjell**, f. 1948, Fjell
51. **Kjell Yri**, f. 1955, Kvinnherad
52. **Liv Sæbø Fausa**, f. 1949, Bergen
53. **Håkon Frode Særsten**, f. 1956, Stord
54. **Tallak Liavåg Rundholt**, f. 1984, Bergen
55. **Terje Hatvik**, f. 1964, Os
56. **Per Svein Dufva**, f. 1948, Bergen
57. **Idun Kristine Bortne**, f. 1978, Bergen
58. **Kjell Alvheim**, f. 1944, Øygarden
59. **Sigstein Århus**, f. 1958, Radøy
60. **Gunn-Vivian Eide**, f. 1964 Bergen
61. **Arne Villanger**, f. 1929, Radøy
62. **Hans-Carl Tveit**, f. 1954, Bergen
63. **Harald Hove**, f. 1949, Bergen

[venstre.no/**hordaland**](http://venstre.no/hordaland)
[facebook.com/**hordalandvenstre**](http://facebook.com/hordalandvenstre)



venstre